

Årsmelding for Framnes Eigedom AS 2024

Organisasjonsnummer 922 267 332

Framnes Eigedom AS har til føremål å eiga, leiga ut og forvalta eigedomen «Framnes» i Norheimsund til det beste for Framnes Kristne Vidaregåande Skule, for på den måten å vekkja dei unge og å halda oppe eit sant kristeleg liv hjå dei på Guds ords grunn i truskap mot vedkjenninga at den evangelisk lutherske kyrkja.

Skulen, Framnes KVGs, vert driven av Indremisjonssamskipnaden og Indremisjonsforbundet med 50 % kvar, og skuledrifta leiger eigedomen med bygningar av Framnes Eigedom AS.

Styret og tilsette

Styre for Framnes Eigedom AS er til ei kvar tid samanfallande med styret for Indremisjonssamskipnaden, og dagleg leiar er dagleg leiar for Indremisjonssamskipnaden.

Framnes Eigedom AS har ikkje egne tilsette.

Rekneskap

Framnes Eigedom AS sine inntekter er husleige frå Framnes KVGs. Utgiftene er i hovudsak driftstilskot til skuledrifta, revisjonshonorar og juridisk bistand. I tillegg kjem administrasjonstilskot til IMS som inneber administrasjon og rekneskapsføring for Framnes Eigedom AS. Brandøy Misjons- og konferansesenter AS har lån hos Framnes Eigedom, og ved årsskifte utgjer dette kr 1 270 500,-. Lånet vert betalt tilbake i månadlege avdrag frå 01.01.2024.

I 2021 vart det gjeve eit kortsiktig lån på kr 3.000.000,- til Indremisjonsforbundet, eit lån som skulle nyttast i forbindelse med bygging av Sjøholt Folkehøgskule. Lånet er nedbetalt i 2024. Pårekna renter er ikkje gjort opp.

Framnes KVGs har i 2024 fått to kortsiktige lån på til saman 4,5 mill. Desse skal tilbakebetalast innan 31.12.2025.

Rekneskapen for 2024 viser eit overskot på kr 852 945,-. Dette føreslår styret å leggja til annan eigenkapital.

Framnes Eigedom AS er balanseført med kr 39 537 769,-.

Likestilling

Styret består av 4 menn og 3 kvinner.

Stord 27.02.2025

Bernt Arild Gjøvåg
Styreleiar

Oddvar M. Torget
Nestleiar

Tor Tveitane
Styremedlem

Eva Karin Schmidt
Styremedlem

Henriette S. Bjørnevik Petter Lid
Styremedlem

Styremedlem

Hilde Karin Vedøy Eiken
Styremedlem